

Eit eldorado av turstiar

Det er berre å ta på seg turskoa og komma seg ut. I området rundt Kløve er det 35 km med merka turløyper.

Av Anne-Lise Nordpoll
anne@stulen.no

Bygdelaget har eit mål om at Trekanten aktivitetspark ved Kløvheim skule skal bli eit hjarte i bygda, og det er den på god veg til å bli.

Noko for ein kvar

Her kan borna leika ved elva, dissa eller klaira. Dei vaksne kan setja seg ned på ein benk, prata eller fyra opp i bålpanna og slå av ein prat med naboen før eller etter tur. Trekanten er nemleg eit godt utgangs-

punkt om du vil utforska dei mange turløypene i bygda.

Dei siste to åra er det merka ei rekkje nye løyper etter nasjonal standard her, slik at det skal vera muleg å finna fram også for dei som ikkje har vore her før.

– I fjor var det nokre franskmenn som stoppa her med babilen. Dei syntest det var så fint her at dei vart verande i fleire dagar, gjekk på tur, slappa av og kosa seg, fortel Atle Bøndevisk.

Han, Olav Arne Treito og Jan Ivar Berge har stått for mesteparten av merkinga.

Ivrige turgåarar

Alle tre er ivrige turgåarar. Dei har brukt mykje tid på prosjektet for å leggja til rette for fleire gode turopplevingar både for seg sjølv og andre.

Karane er godt kjente i terrenget. Mange stadar har dei gått opp nye løyper til toppar der folk tidlegare ikkje har gått så mykje.

– Me har brukt mykje tid på å finna gode trasear. Me har prøvd å merka løypene slik at dei går oppå hamrar og berg heller enn gjennom våre myrer. Det er jo uansett ganske bløtt i terrenget her, seier Atle.

Forsiktig tilrettelagt

Tanken derfrå var å merka løyper med minst muleg synleg tilrettelegging i terrenget.

– Me merkar slik at folk veit kor det er greitt å gå, og så blir stiane til etter kvart ved at fleire og fleire går der. Dette er løyper i terrenget med lite tilrettelegging, men enkelte stadar har me laga kløpper og gjerdeklyv og rydda busker og tre slik at det skal bli lettare å ta seg fram, seier dei.

Denne strategien har gjort at dei har fått mange turløyper for lite pengar. Merkinga har gjeve synlege resultat. Går meir

– Sjå berre på Myrsfjellet. Det var ein av dei første stadene me merka løyper. For var det ikkje så mange som gjekk på tur der. No er det blitt eitt av dei mest populære turmåla, seier Atle.

– Ja, der er det blitt breie stiar fordi folk har gått der så mykje, og det er mange namn i turhoka på toppen, seier Olav Arne.

Den vesle toppen som går under namnet «Floyen» er også mykje besøkt.

BLA OM OG LES MEIR » » »